

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

25.02.2016

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

onsdag, 02.03.2016 kl. 15.00 på rådhuset

SAKLISTE:

- Sak 01/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 04.11.2015
- « 02/16 - Kontrollutvalsboka, spørjerunde om kontroll og revisjon
- « 03/16 - Den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune ved avlagt rekneskap for 2015
- 04/16 - Arbeidsfordeling – gjennomgang av kommunens møtebøker
- « 05/16 - Tema reist av Olav Harald Ulstein om inndekking av underskot
- « 06/16 - Orientering om saker under arbeid (Orientering blir gitt i møtet)
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 4. november 2015, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle

Torill Velle var ikkje tilstades i sak 22/15 og sak 26/15.

= 5 og 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Odd Jostein Drotninghaug..

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 22/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. MAI 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. mai 2015 blir godkjent.

SAK 23/15

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG ÅRSHJUL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariate datert 27.10.2015

Det vart stilt spørsmål om nettbrett til medlemmane i kontrollutvalet. Ordførar oppmoda medlemmane til å melde inn behov.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen legge fram halvårleg rapportering av oppfølging av politiske vedtak.
2. Medlemmane i kontrollutvalet deler gjennomgang av kommunens møtebøker mellom seg.
Fordelinga blir avgjort i neste møte.
3. Kontrollutvalet tek forvrig saka til orientering.

SAK 24/15

KONTROLLUTVALSBOKA, SPØRJERUNDE OM KONTROLL OG REVISJON

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.10.2015:

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 25/15

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT ÅRIM – SPØRSMÅL OM INNFALLSVINKLAR I ARBEIDET M.M. (DRØFTING)

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.10.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar ei prosjektskisse på kommunerevisjonen sin forvaltningsrevisjon av Årim IKS.

SAK 26/15

EVENTUELLE GJENNOMGANG AV KOMMUNALE REGLEMENT

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.10.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ta ein gjennomgang av reglement for kommunestyre og reglement for kontrollutval.

SAK 27/15

VEDKOMANDE BUDSJETT 2016 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.10.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitetar blir sett til kr. 60.000,00.

**SAK 28/15
INNKOMEN E-POST GJELDANDE STORHALLEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.10.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å oversende rådmannen.

**SAK/29/15
TIDSPUNKT OG SAKER TIL NESTE MØTE (DRØFTING)**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Utarbeiding av møteplan blir gjort av leiar og dagleg leiar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.
2. Tema for neste møte blir mellom anna den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune og vidare gjennomgang av kontrollutvalsboka.

**SAK 30/15
POLITISK FØREBUING AV KONTROLLUTVALSAKER SOM SKAL BEHANDLAST I
KOMMUNESTYRET (Saka kom opp under eventuelt)**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet stiller seg til disposisjon til å delta i gruppemøte i parti som ikkje er representert i kontrollutvalet som ein del av den politiske førebuinga til kommunestyremøta i saker der kontrollutvalet har innstilingsrett..

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Ståle Eikrem
nestleiar
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 24.02.2016

**SAK 02/16
KONTROLLUTVALSBOKA, SPØRJRUNDE OM KONTROLL OG REVISJON**

Dette temaet vart påbegynt i oppstartmøtet i haust. Det vart der uttrykt ønskje om å fortsette med temaet i neste møte. Med utgangspunkt i dette vil det frå sekretariatet si side bli gjort forsøk på å svare på dei spørsmåla som måtte kome.

Det blir forvrig vist til sakene 23/15 og 24/15.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 24.02.2016

**SAK 03/16
DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I SYKKYLVEN KOMMUNE VED AVLAGT
REKNESKAP FOR 2015**

Den avlagte, men ikkje reviderte rekneskapen viser positive tal for Sykkylven kommune.

Vel 30 mill. kroner har blitt brukt til underskotsdekning og rekneskapen viser eit overskot på 13 mill. kroner. Akkumulert underskot utgjer no 19 mill. kroner. Dersom overskot for 2015 (mindreforbruket) på 13 mill kroner blir brukt til dekking av underskot, har det akkumulerte underskotet minka merkbart.

Rådmannen er invitert til møtet for å forklare det positive resultatet. Enkelte element som har påverka resultatet er vel rimeleg kjent, men forhold knytt til den daglege drift kan det truleg vere behov for å gå nærmere inn på.

Om mulig er det ønskjeleg å få ei vurdering av kva konsekvensar budsjett 2016 kan få for den økonomiske situasjonen og kva for strategiar som er lagt for å nulle ut resten av det akkumulerte underskotet.

Vedlagt følgjer eit brev datert 05.02.2016 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om årsbudsjett 2016 og låneopptak. Det kan vere av interesse å få klarheit i om det økonomiske resultatet for 2015 kan få konsekvensar for nye låneopptak i 2016.

Harald Rogne
dagleg leiar



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

fagkoordinator Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato

05.02.2016

Dykkar dato

18.12.2015

IKOPI

Vår ref.

2015/7170/MAMO/331.1

Dykkar ref.

2015/1128

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Lovlegkontroll av årsbudsjett 2016 og lånepptak

Det blir vist til innsendt årsbudsjett for 2016, jf vedtak i kommunestyret den 14. desember i fjor, sak 66/15. Under følgjer behandlinga vår av årsbudsjettet for 2016 og lånepptak.

1.0 Oppsummering og vedtak

Fylkesmannen har ikkje merknadar til årsbudsjettet.

Fylkesmannen godkjenner ikkje nye lånepptak.

Etter gjeldane plan blir kommunen meldt ut av Robek i 2018.

1.1 Fylkesmannen sitt vedtak om årsbudsjettet 2016

Fylkesmannen har kontrollert og konkludert med at vedtaket om årsbudsjettet er blitt til på lovleg måte, at vedtaket er fatta av kompetent organ og at innstillinga frå formannskapet har vore ute til offentleg ettersyn, jf kommuneloven § 45

Fylkesmannen har ført kontroll med at Sykkylven kommune sitt årsbudsjett følgjer krava i kommunloven § 46 med tilhøyrande forskrift. Gjennom kontrollen har fylkesmannen ikkje funnet høve som tilseier at vedtaket må bli oppheva.

1.2 Fylkesmannen sitt vedtak om lånepptak

Med heimel i kommunelova § 50 nr 9, jf § 60 nr 1 og Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) sitt rundskriv H-8/01, godkjenner ikke fylkesmannen at Sykkylven kommune tar opp lån.

2.0 Lovlegkontroll av årsbudsjettet

Sykylven kommune er i register om vilkårsbunden kontroll og godkjenning (Robek). Det inneberer at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal føre kontroll med at Sykylven kommune sitt budsjettvedtak er lovleg og godkjenne lånepoptak.

2.1 Heimel for lovlegkontroll av årsbudsjettet

I kommunelova (kl) § 60 er reglane om kva for kommunar som skal vere underlagt statleg kontroll av økonomiske disposisjonar.

Sykylven kommune er innmeldt med bakgrunn i at kommunestyret har vedtatt at eit underskott skal bli dekka inn over fleire enn to år og at kommunen ikkje fylgt sin eigen vedtekne plan for inndekning av underskott, jf kl § 60 nr 1 bokstav c og d.

Utmelding av Robek skjer når rekneskapen viser at kommunen har dekka inn dei underskotta som førte til innmelding.

Fylkesmannen skal føre kontroll med om kommunen sitt budsjettvedtak er lovleg, jf kl § 60 nr 2 og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet).

2.2 Sakshandsaminga av årsbudsjettet 2016

Kommunestyret i Sykylven fatta vedtak om årsbudsjettet for 2016 i sak 66/15 den 14. desember i fjor. Vedtaket ble fatta etter innstilling i formannskapet sin sak 54/15 den 30. november 2015.

Det er klart at årsbudsjettet ble vedteken av kompetent organ i året før budsjettåret og at det skjedde etter innstilling frå formannskapet. Fylkesmannen føresett at innstillinga(ne), med alle dei forslag til vedtak som låg føre, har vore ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før vedtak i kommunestyret. Sakshandsamingsreglane etter kl § 45 er oppfylt.

2.3 Sentrale inntektspostar

Fylkesmannen sin lovlegkontroll av årsbudsjettet skal understøtte inntekstsstyringa i kommunane. Kontrollen vår inneber difor i første rekke ein kontroll med at kommunane planlegg si verksemd med basis i realistiske inntektsoverslag. I gjennomgangen vår har vi ikkje vurdert om prioriteringane i budsjettet inneber at kommunen gjennomfører alle lovpålagde tiltak i tilstrekkeleg utstrekning. I utgangspunktet føreset vi at naudsynte vurderingar av løyvingar på einskilte område er gjennomført av kommunestyret.

Dei frie inntektene til kommunen er definert som skatt på inntekt og formue samt rammetilskottet. Dei utgjer om lag 75 prosent av dei totale inntektene til kommunane. Kommunane sine resterande inntekter kjem frå brukarbetalingar (13 pst), øyremerka tilskott (5 pst) og andre inntekter (7 pst).

Tabellen under viser regjeringa sitt framlegg til skatt på inntekter og formue samt rammetilskott for Sykkylven kommune. Vi tek utgangspunkt i regjeringa sitt framlegg i vurderinga om Sykkylven kommune budsjetterer med er realistisk nivå på dei frie inntektene.

	<i>i 1.000 kr</i>	<i>Statsbudsjettet pr oktober</i>	<i>Kommunen sitt budsjett</i>
<i>Skatt på inntekt og formue</i>		203 529	174 919
<i>Rammetilskott</i>		189 811	219 924
<i>Frie inntekter</i>		393 340	394 843

Rammetilskottet til kommunane ble auka gjennom Stortinget sin behandling av statsbudsjettet. Den største økonomiske endringa var reversering av skatteoppkrevjar-reforma. I høve til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett i oktober i fjor, er rammetilskottet til Sykkylven kommune auka med 988 000 kroner, til totalt 190,799 millionar kroner. Auka rammetilskott frå regjeringa sitt framlegg i oktober blir motsvara av at kommunen vil ha utgifter knytt til denne oppgåva.

Etter vår vurdering er kommunen sitt budsjetterte nivå på frie inntekter i tråd med dei anslag som var tilgjengeleg da årsbudsjettet ble vedteken.

2.4 Inndeckning av rekneskapsmessig meirforbruk

K1 § 48 nr 3 sett krav om at kommunestyret må vedta inndeckningsplan om rekneskapen viser underskott. Rammene for inndeckning av underskott går fram av same § nr 4.

Tabellen under viser historikken for når Sykkylven kommune har fått underskott og dekka inn underskott. I tillegg viser tabellen estimat for rekneskapsåret 2015 og budsjettet for 2016.

Underskott frå år	Underskott 2009	Inndeckning						Rest udekka	Siste lovlege inndeckningsår
		2010	2011	2012	2013	2014	2015 E		
2008	21 254						-21 254	-	2018
2009	4 123						-4 123	-	2018
2010	6 298						-5 304	-994	2018
2011	5 906						-5 906	-	2018
2012	11						-11	-	2018
2013	5 839						-3 947	-1 892	-
2014	6 830						-6 830	-	2018
Akkumulert	50 261	-	-	-	-	-	-30 681	-10 858	-8 722

Planen for inndeckning er i tråd med forlenga inndeckningsperiode for underskotta i perioden 2008 til 2012 godkjent av departementet, jf brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet den 23. april 2014. Underskotta frå 2013 og 2014 er innanfor reglane om inndeckning av underskott etter kl § 48 nr 4.

Om alt går etter planen og førebels prognose for 2015, vil Sykkylven kommune bli meldt ut av Robek når kommunestyret har vedteke rekneskapen for 2017 før sommaren 2018.

3.0 Fylkesmannen sin vurdering av den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune

Vi vil gi kommunen tilbakemelding på korleis vi ser den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune. Denne tilbakemeldinga er grunnlaget for oppfølginga vår av kommunen, herunder krav til forpliktande plan, tildeling av skjønnsmidlar og godkjenning av låneopptak, langsiktige leigeavtalar og kommunale garantiar. Vurderinga er gjort på bakgrunn av kommunen sine årsbudsjett, økonomiplan, årsrekneskap, årsmelding, forpliktande plan og offentleg statistikk med hovudvekt i Kostra. Vi viser til den årlege rapporten vår om utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal for analyse og kommentarar for både Sykkylven kommune og for fylket generelt.

3.1 Forpliktande plan

Kommunen har vedtatt forpliktande plan i eit eget dokument. Den forpliktande planen inneheld dei viktige områda kommunen må arbeide med for å vinne att økonomisk balanse.

Vi har satt av 500 000 kroner til arbeidet med forpliktande plan i 2015. Sykkylven kommune vil få utbetalt 500 000 kroner om kommunen har iverksatt tiltaka i forpliktande plan, held budsjettbalansen gjennom året og nedbetaler tidlegare underskott i tråd med planen.

3.2 Økonomiplanen

Kommunestyret sjølv skal kvart år vedta ein rullerande økonomiplan. Økonomiplanen skal vise dei framtidige konsekvensane av årsbudsjettet, og gi uttrykk for kommunestyret sine mål og strategiar for åra som kjem. Vi vil understreke at det er viktig med god og langsiktig planlegging for å få optimal utnytting av ressursane. Kommunane opererer med uvisse knytt til både inntektene og utgiftene i åra framover. Det styrkar behovet for langsiktig planlegging basert på metodar for planlegging under uvisse. Vi viser til departementet sin rettleiar «Økonomiplanlegging i kommuner» for ytterlegare informasjon.

Økonomiplanen er ikkje underlagt kontroll etter reglane i kommunelova § 60. Vårt arbeid med økonomiplanen vil først og fremst gå ut på råd og rettleiing. Vi vil nytte plana i samband med godkjenning av låneopptak, og for å vere orientert om den økonomiske utviklinga til kommunen. Det kan bli gjennomført lovlegkontroll av økonomiplanen etter reglane i kommunelova § 59.

3.3 Fylkesmannen sine merknadar

Sykkylven kommune har hatt ein økonomi i ubalanse over lang tid. Kommunen har vore i Robek i nærmere 13 av dei 15 siste åra. Etter planen skal kommunen dekke inn resterande underskott neste år, slik at utmelding av Robek kan skje sommaren 2018. For at det skal skje, er det avgjerande at kommunen følgjer tett opp budsjettet gjennom året, og tidleg iverksett tiltak om det er grunn til å tru at budsjettbalansen ikkje vil halde.

I økonomiplanen går dei einaste avsetningane til dekning av tidlegare års underskott. Kommunen har ikkje funnet rom til avsetningar til ubunde driftsfond (disposisjonsfond) eller

til eigenfinansiering i investeringar i 2018 og 2019. Det tydar på at kommunen har ein veldig stram driftsbalanse framover, sjølv etter kommunen blir meldt ut av Robek. Det gjer at kommunen er svært sårbar for inntektssvikt eller uventata utgifter.

At kommunen har ein stram driftsbalanse aukar risikoen for at kommunen ikkje vil vere i stand til å klare planlagt inndekning av underskott. Fylkesmannen forventar at kommunen tek i bruk dei verkemiddel som er tilgjengeleg, både på utgifts- og inntektssida, for å kome i økonomisk balanse.

4.0 Lånegodkjenning

Investeringsnivået og nye låneopptak i kommunane må bli vurdert opp mot driftsbalanse. Driftsbalanse viser om kommunen har økonomisk evne til å svare for auka renteutgifter og avdrag som følgje av nye låneopptak, samt eventuelle nye driftskostnadene etter at investeringa er gjennomført. Kommunar som har ein svak driftsbalanse, og har underskott som må bli dekt inn, må etter vårt syn kritiske vurdere om låneopptak som legg ytterlegare press på dei frie inntektene er absolutt naudsynte før dei blir lagt inn i budsjettet. Vi legg til grunn storleiken på den økonomiske ubalansen, siste års rekneskapsresultat samt gjeldane økonomisk opplegg i budsjett og økonomiplan i vurderinga om godkjenning av eventuelle låneopptak.

Av effektivitets- og planmessige omsyn, ønsker vi å godkjenne ei låneramme som ligg fast ut året.

Kommunar i Robek må ha godkjenning for å ta opp nye likviditetslån. Søknad om likviditetslån vil få høg prioritet. Vi ber om tidleg dialog om det er akutt behov for slike lån.

4.1 Heimel for godkjenning av låneopptak

Etter kl § 50 nr 9 skal kommunale låneopptak bli godkjent av departementet i dei høve som er omhandla i § 60. I rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) er godkjenning av låneopptak delegert til fylkesmannen. Fullmakta omfattar også mynde til å nekte godkjenning.

Kommunestyret kan innan ein frist på seks veker klage på fylkesmannen sitt vedtak om lånegodkjenning til departementet.

4.2 Fylkesmannen sine merknadar

I årsbudsjettet har kommunen lagt opp til eit investeringsbehov på 26,4 millionar kroner. Finansieringa med lån er føresatt til 19,9 millionar kroner, kor 13,5 millionar kroner er nye låneopptak og 6,4 millionar kroner er ubrukte lån frå tidlegare år.

Sykylven kommune har vore i Robek 13 av dei 15 åra. Inneverande periode i Robek starta i 2010, etter underskott i 2008 og 2009. Trass i at kommunen vart meldt inn i Robek, gikk kommunen med underskott kvart år fram til 2014. Dette har ført til at ved to høve har kommunen funnet det naudsynt å nytte ein unntaksregel om forlenga inndekningsperiode for

fleire av underskotta. I brev frå departementet 23. april i 2014 går det fram at «[d]epartementet vil understreke at kommunen ikke kan påregne ytterligere utvidelse av inndekningstiden».

Kommunen har ikkje hatt tilstrekkeleg styring og kontroll for å få økonomien i balanse over ein forlenga periode. Vi kan heller ikkje sjå at kommunen har gjort prioriteringar i budsjett og økonomiplan som gjer at kommunen er på veg mot ein solid og berekraftig økonomi sjølv om kommunen kan bli meldt ut av Robek, jf punkt 3.2 og 3.3. Med bakgrunn i dette godkjenner ikkje fylkesmannen ytterlegare låneopptak.

Vedtak om lånegodkjenning er i punkt 1.3.

Vi ber om at kommunestyret fattar vedtak om årsbudsjettet i tråd med endringane her, og sender vedtaket til oss for orientering.

5.0 Oppfølging av Sykkylven kommune i 2016

Vi vil be om rapportering på forpliktande plan for 2016 med frist tidleg i oktober.

Vi ønskjer eit møte med politisk og administrativ leiing i god tid før rekneskapet for 2015 vert lagt fram til politisk handsaming. Dette vert eit statusmøte om kommunen sin økonomi.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Martin Gjendem Mortensen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre Postboks 7734 Spjelkavik 6022 ÅLESUND
og Romsdal

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 24.02.2016

**SAK 04/16
ARBEIDSFORDELING – GJENNOMGANG AV KOMMUNENS MØTEBØKER**

I førre møte vart det drøfta om kontrollutvalet skulle dele mellom seg gjennomgang av møtebøker.

Dei aktuelle politiske organa er kommunestyret, formannskapet, nærings- og utviklingsutvalet og levekårsutvalet.

Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 26.02.2016

«

**SAK 05/16
TEMA REIST AV OLAV HARALD ULSTEIN OM INNDEKKING AV UNDERSKOT**

Det blir vist til vedlagte notat datert 26.02.2016 frå kommunerevisjonen og vedlagte e-post frå Olav Harald Ulstein datert 10. januar 2016

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT

Frå: Kommunerevisjonen
Til: Sykkylven kontrollutval

Ålesund, 26. februar 2016

VEDR. SPØRSMÅL FRÅ OLAV HARALD ULSTEIN

Vi viser til spørsmål frå Olav Harald Ulstein til Sykkylven kontrollutval, som er sendt over til kommunerevisjonen i epost av 10.01.2016 frå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS.

I eposten blir det reist spørsmål knytt til Sykkylven kommune sin bruk av eigedomsskatten. Konkret ber Ulstein om kontrollutvalet si vurdering av følgjande:

«Dersom ein legg til grunn at utbyttet fra Sykkylven Energi blir nytta slik kommunestyret har forutsatt, så er det ikkje grunnlag for å hevde at eigedomskatten går til å betale ned på akkumulert underskot.

Dersom det skulle skje, så måtte avsetninga til dette formålet (10 857 000) aukast tilsvarende inntektene fra eigedomskatten (10 660 500) til 21 517 500 kr. Når dette ikke er blitt gjort, så går eigedomskatten til generell drift. Ei slik auke ville også medføre ei ny godkjenning av forpliktande plan.»

Kommunerevisjonen forstår spørsmålet slik at det gjeld om i kva grad utbytte og eigedomskatt går til nedbetaling av akkumulert underskot i Sykkylven kommune. Talmaterialet under er i frå den førebelse rekneskapen for 2015 som ikkje er revidert, og må difor lesast med etterhald.


Eigedomsskatten er ein del av Sykkylven kommune sine frie inntekter, og som Ulstein skriv i sin epost er disponering av desse eit politisk spørsmål.

Innføring av eigedomsskatt og vedtak om utbytte frå Sykkylven Energi AS, vart gjort i tilknyting til vedtak om budsjett 2015, jf. vedtak i kommunestyret 15.12.2014, sak PS 95/14 – Årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. På dette tidspunktet låg det ikke føre noko forlik mellom Sykkylven kommune og Nordea, som ga 20,06 mill. kroner i inntekter i kommunerekneskapen for 2015, jf. sak PS 19/15 – Vedk. stemming mot Nordea, vedteke i kommunestyremøte 21.04.2015.

I 2015 viser førebels rekneskap ei underskotsdekning på 30,68 mill. kroner. Dette er i samsvar med vedteken plan for dekking av akkumulert underskott. Samstundes viser kommunerekneskapen i tillegg 13,26 mill. kroner i rekneskapsmessig mindreforbruk. Kommunestyret skal sjølv ta stilling til korleis eit slikt mindreforbruk skal disponerast. Dersom midlane blir brukt til nedbetaling av akkumulert underskott, blir samla nedbetaling av underskott 43,93 mill. kroner, men 13,26 mill. kroner (mindreforbruket 2015) av dette skal i så fall førast i kommunerekneskapen for 2016.

Inntektene frå eigedomsskatt var i 2015 11,03 mill. kroner, samla utbytte 11 mill. kroner og forlik frå Nordea 20,06 mill. kroner – totalt 42,09 mill. kroner.

Kommunerevisjonen viser avslutningsvis til brev av 05.02.2016 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om lovlegkontroll av årsbudsjett 2016 og låneopptak, der det går fram at Sykkylven kommune har hatt eit økonomi i ubalanse over lang tid, og er svært sårbar for inntektssvikt eller uventa utgifter.


Kjetil Bjørnseth
Kommunerevisor

Harald Rogne

Fra: Olav Harald Ulstein <olav.harald.ulstein@sykkylven.kommune.no>
Sendt: 10. januar 2016 17:12
Til: Harald Rogne

Til Sunnmøre kontrollutvalsssekretariat

Underteikna vil med denne henvendelsen ha ein uttale fra kontrollutvalet ang. bruk av eigedomskatten, eller ein sum tilsvarende denne.

Bakgrunn for spørsmålet :

Sykkylven kommunestyre vedtok i 2014 å ta ut eit utbytte fra Sykkylven Energi på i overkant 30 mill. fordelt på 3 år. Bakgrunnen og premissane for utbyttet var at det skulle gå til forpliktande plan (nedbetaling av tidlegare års underskot). Sykkylven kommune hadde på dette tidspunktet problem med å handtere nedbetalingsplanen som kommunen hadde forplikta seg til. Eit enstemmig kommunestyre sluttet seg derfor til denne disponeringa av utbyttet. Det er her viktig å presisere at dette vedtaket vart gjort både i generalforsamlinga i Sykkylven Energi og i Sykkylven kommunestyre, lenge før det vart vedteke å innføre eigedomskatt i Sykkylven kommune.

I budsjettet dokumenta for 2015 - som skulle behandlast i kommunestyret i desember 2014 , var utbyttet og disponeringa av utbyttet omtalt som eige punkt. Dette vart tråd med premissane for utbyttet, nemleg nedbetaling av tidligare års underskot.

På dette budsjettmøtet vart det overraskande også fleirtal for å innføre eigedomskatt i Sykkylven kommune, og det vart hevdat den skulle gå til å betale ned på tidligare års underskot. Dette vart sagt, utan at avsetninga til indekning vart auka tilsvarende summen av inntektene på eigedomskatten.

Dette har gjetatt seg for budsjettet gildande for 2016. Utbyttet og disponeringa står fortsatt som eige punkt (s. 43 og 44) og i tråd med kommunestyrevedtaket frå 2014. Fleirtalet i kommunestyret (15/14) hevdar fortsatt at eigedomskatten går til å betale ned tidligare års underskot.

Underteikna er sjølv sagt innforstått med at eigedomskatten er frie midlar, som fleirtalet kan disponere slik dei ønsker. Det denne henvendelsen dreier seg om, er derfor om midlane blir nytta slik fleirtalet hevdar, og som blir fortalt innbyggjarane i kommunen.
Likeeins er underteikna innforstått med at kommunen ikkje kan gå med underskot, og samtidig følge opp forpliktande plan (nedbetaling av tidligare års underskot) og at eit meirforbruk i den øvrige drifta vil føre til redusert nedbetaling.

Vi kan ikkje ha ein situasjon i Sykkylven, der det hersker usikkerheit kring bruken av 11 mill. kroner.

Underteikna ønskjer derfor at kontrollutvalet kjem med ein uttale om følgjande påstand er korrekt eller ukorrekt :

Dersom ein legg til grunn at utbyttet fra Sykkylven Energi blir nytta slik kommunestyret har forutsatt, så er det ikkje grunnlag for å hevde at eigedomskatten går til å betale ned på akkumulert underskot.

Dersom det skulle skje, så måtte avsetninga til dette formålet (10 857 000) aukast tilsvarende inntektene fra eigedomskatten (10 660 500) til 21 517 500 kr. Når dette ikkje er blitt gjort, så går eigedomskatten til generell drift.

Ei slik auke ville også medføre ei ny godkjenning av forpliktande plan.

Mvh Olav Harald Ulstein
Sykkylven FrP